



Utmarksavdelingen for Akershus og Østfold
v/ Øystein Toverud
Storgt. 55
1870 Ørje

Dato: 09.05.2018
Vår ref.: 2018/232-33
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om tilskot til viltformål 2018 – Nasjonal gåsekonferanse

Det vert vist til dykkar søknad datert 15.01.2018 om tilskot til viltformål – til prosjekt «*Nasjonal gåsekonferanse*». Søknaden vart fremja i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet (ESS), der den har referanse 18SD7696.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama sak om tilskot til viltformål i møte 24.04.2018, sak PS 51/2018. Der fekk diverre søknaden avslag.

Grunngjeving

Det vert vist til søknadsvurderingane i saksframlegget og til vedtaket i saksprotokollen.

Lenkje til saksframlegg med søknadsvurdering: <https://bit.ly/2I0KDWi>

Lenkje til saksprotokoll med vedtak: <https://bit.ly/2KmxbtY>

Som det går fram av saksframlegget, er det vurdert at ein nasjonal konferanse bør finansierast frå sentralt hald.

Klage/partsinnsyn

Det er klagerett på vedtak om midlar til viltformål, då desse er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 28.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Jomar Ragnhildstveit på epost jomar.ragnhildstveit@hfk.no, eller telefon 976 66 576. Lukke til vidare med dykkar arbeid!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.